

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: N=Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Frol

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: Frol

Oppskr. av: Arne Vardehaug

Gard: Sørholt

(adresse): Levanger

G.nr. 13 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lyng har aldri i dette århundrad vore noe fast for i Frol . Men eg kan hugsa at småbrukarar så seint som kring 1905 , om vårane , for med sekkar og sigd borti utmarkeme og sanko heim lyng til dyra. Det vart halde for å vera beint fram nøfor , så det vart ikkje rekna for sers verdfult.

ReinsMose har aldri vore bruka i Frol (og bygdene i kring) av den grund at så mykje mose finst ikkje .

Det er heller ikkje bruka anna mose til dyrefor .

Emnenr 9. Lauving:

Det har heller ikkje vore vanleg i mi tid . Men eg kan då der hugsa at ein paa småbruka kunne sjå ikkje så lite av lauvstaurar (lauvkjerv sett på staur som korn) det var kjervar både av bjørk og or . For ein 40 år sidan fanst det endå lauvkrokar i Frol . Det var sers smale og krokete sigder . og dei vart bruka til å skjera av lauvkvistane med . Eg såg ingen som tok lauv nå under krigen . Og det er vel kring 50 år sidan det var noe vanlegt , sjølv på små bruk .

Det vart og "råpå " lauv og då serleg av silje . Rognlauvet ~~XXXX~~ " kangla " ein . Slikt raspa lauv skulle helst turkast under tak , på ledige lemgolv o.l. Det vårt sidan oppbevara der ein hadde rom på lem=men .

Rogn og silje vart halde for det beste , men og lauv=et av or og bjørk var og bra . Or vart mykje bruka , då det var mykje av det treslaget . Alm finst ikkje vill . Orlauv har ofte om sumrane vore bruka til gris . Ein slo då varmt vatn på og røra att i noe mjøl .

Rakelauv har lite og inkje vore bruka .

Dei andre spurdsmaal kan ein sjå bort frå i Frol .

2271

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING